



Fem uskedelingar har vore på skicamp der mykje av treninga var lagt ti Folgefonna.

Frå laurdag til tirsdag deltok dei 5 langrennsløparane Anna Elisabeth S. Eik, Torbjørn Haugland, Pål Ingmar Haugland, Birk Sæle og Tobias H. Berge-Soldal på Sumarcamp i Jondal. Deltakarane var ivrige langrennsløparar som kom frå heile Hordaland, og dei var frå dei fire årsklassane frå 2002 til 2005.



Deltakarane på skicampen samla. Vi ser Anna Elisabet framme t.v. og Uskedalsgutane lengst t.h. på bildet.

Dei var innkvartert på Hardangerakademiet i Jondal. I tillegg til å bruka det gode treningsområdet nede i Jondal, var dei også fleire dagar på breen der dei hadde skitrening i topp langrennsløyper. Her hadde dei teknikktraining i både friteknikk og klassisk stil i dei flotte, oppkjørte løypene.

Elles var det alsidig barmarkstrening med gode tips nede i Jondal. Det vart trena både løp, spenst, hurtighet og koordinasjon. Dei hadde også videoanalyse av langrennsteknikk. Alt vart leia av dyktige trenarar m.a. Bernt Rusten i Hordaland skikrets som opphavelag er frå Sandvoll.

Dei fekk også høyra eit motivasjonsforedrag der tidlegare VM-vinnar i padling Morten Ivarsen fortalde om sin veg til verdenstoppen.

På leiren var det elles mykje sosial moro.

Kvinnherad Energi AS har støtta deltakarane frå Kvinnherad med 5000 kr til deltakinga på skicampen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Hordaland skikrets